



# HLF Trøndelag og HLF Møre og Romsdal

## To fylkeslag i Hørselshemmedes Landsforbund

### Din hørsel – vår sak

Helse Midt-Norge

Avdeling for eierstyring

e-post: [postmottak@helse-midt.no](mailto:postmottak@helse-midt.no)

### Høyringsinnspel: Regional utviklingsplan 2023-2026

*HLF (Hørselshemmedes Landsforbund) er Norges største organisasjon for menneske med funksjonsnedsettingar med 65 000 medlemmer, 8200 av desse bur i Trøndelag og Møre og Romsdal. Ein million nordmenn har hørselutfordringar som påverkar kvardagen ulikt. HLF arbeider for hørselshemma sin livskvalitet, likestilling og full deltaking i alle livets samanhengar. Nokre har behov for omfattande rehabilitering, mens andre treng tilrettelegging, hjelpemiddel og kunnskap i å meistre kvardagen. Stadig fleire blir ramma av hørselutfordringar og det er viktig å motverke sosial isolasjon og fråfall frå utdanning og arbeidsliv.*

HLF Trøndelag og HLF Møre og Romsdal meiner ein aldrande befolkning, stigande forventningar og ny kunnskap og ny teknologi er dei viktigaste utviklingstrekk. spesialisthelsetenesta må tilpasse seg. Det er viktig å ha eit godt tilbod i spesialisthelsetenesta for å avdekkje og følgje opp hørselstap og andre hørselsrelaterte diagnoser. Det inneber at det er nok ressursar ved hørselssentralar og avtalespesialistar slik at ein ikkje har lange ventetider.

Ein aldrande befolkning er i høyringsutkastet nemnd som nr.1 blant drivarane for endring av helsetenesta. Mange eldre har hørselsutfordringar. Hørselstap må bli oppdaga og behandla tidleg. Forsking viser at ubehandla hørselstap er ein risikofaktor for utvikling av demens. Det er også dokumentert at hørselsutfordringar heng tett saman med psykiske og muskulære symptom. Nedsett hørsel kan påverke stress i kroppen, over lengre tid kan dette igjen føre til andre psykiske og fysiske utfordringar.

Dessutan kan hørselstap føre til fleire sekundære plager som tilbaketrekking, isolasjon, depresjon osb.

Derfor er det viktig å utvide tilbod nær brukaren, både i spesialisthelsetenesta og i kommunane. Sjølv om helseføretaka i regionen dei siste par åra har oppretta desentraliserte tilbod fleire stader, er kapasiteten framleis for dårleg når ein ser at det er stort sett mellom 10 og 20 veker ventetid både hjå hørselcentralane og avtalespesialistane.

For mange brukarar i regionen er det lang veg til næraste spesialist innan hørsel. Mange eldre er ikkje så mobile at dei kan reise frå heimplassen til næraste spesialist. For andre brukargrupper, som barn og unge med føresette og dei som er i jobb, er det ei stor belastning å måtte ta fri ein heil dag for å ta ein kontroll som stort sett ikkje tek meir enn ein halvtime. Difor er det òg ynskjeleg at spesialisthelsetenesta i samarbeid med kommunane bygger opp eit tilbod for oppfølging av personar med hørselsutfordringar.

Eit anna viktig aspekt er at ein sjølv og nærpersonar må lære å leve med hørselsutfordringar. Difor bør ein etablere meistrings- og rehabiliteringstilbod for denne gruppa. Desse finst knapt i dag i regionen og kunnskapen om hørselstap og tilrettelegging for høyreapparatarbrukarar i helsesektoren er også mangelfull.



## HLF Trøndelag og HLF Møre og Romsdal

### To fylkeslag i Hørselshemmedes Landsforbund

### Din hørsel – vår sak

Får man helseutfordringar (somatisk eller psykisk), er hørselshemming ei tilleggsvanske som behandlingsapparatet må ta omsyn til i all kommunikasjon. Ein høyreapparatbrukar får ikkje med seg det som blir sagt når høyreapparata er tatt ut eller tom for straum. Men òg med høyreapparat på, kan det vere vanskeleg å oppfatte kva behandlaren seier.

Difor bør alt helsepersonell, både i spesialisthelsetenesta og i kommunane, ha meir kunnskap om korleis ein kommuniserer best med personar med hørselsutfordringar, korleis ein kan sikre at informasjonen har nådd fram. Samtaleforsterkarar bør bli brukte på alle samtalerom, i legevaktbilane og ambulansane. Skrivetolk eller teiknspråktolk bør vere tilgjengelege på sjukehus og behandlingstilsetningar på kort varsel og utan at brukaren sjølv må bestille tolk.

Per i dag er det ofte berre telefon som gjer det mogleg å kontakte helsetenester. Ein må utvikle løysingar der ein kan kontakte spesialisthelsetenesta (og andre innanfor helsesektoren) per chat, e-post eller SMS. Skriftleg informasjon og kommunikasjon aukar moglegheita til personar med hørselsutfordringar til å vere sjølvstendige og uavhengige av hjelp frå andre til å kunne handsame eiga helse.

Når vi veit at 27%\* av dei over 20 år har hørselsutfordringar, vil dei fleste som jobbar i helseteneste møte på personar i denne gruppa i jobben sin. Difor er det viktig at helsepersonell er bevisste på kva utfordringar ei hørselshemming byr på, sjølv om den som søker hjelp, kjem for eit anna helseproblem.

I helsefaglege utdanningar må ein leggje meir vekt på korleis ein kommuniserer med dei som har hørselsutfordringar, korleis hørselsutfordringar påverka livssituasjonen til den enkelte, kva hjelp t.d. ein høyreapparatbrukar kan trenge når det gjeld bruk og stell av apparata og andre hjelpemiddel.

Difor er det, etter vårt syn, òg viktig at Helse Midt-Norge RHF i det vidare arbeid med *Regional utviklingsplan 2023-2026* har fokus på å utvikle ein teneste som er lettare tilgjengeleg og geografisk nær vår brukargruppe enn kva den er i dag. Samhandling med kommunane er viktig i denne samanheng.

Her er nokre lenkjer til prosjekt som viser samhandling mellom kommunar og spesialisthelsetenesta, både frå Trondheim og andre stader i landet.

[Mestringskurs for seniorer](#)

[Samhandling om kommunal hørselomsorg](#)

[Ringeriksprosjektet – på vei mot en bedre hørselsomsorg](#)

Vi ser fram til å følgje det vidare arbeidet med *Regional utviklingsplan 2023-2026*.

Om de ynskjer at vi utdjupar innspela våre, så ta gjerne kontakt.

Venleg helsing

Carola Peckolt, studieleiar HLF Trøndelag

for styra i HLF Trøndelag og HLF Møre og Romsdal

Kontaktinfo: e-post: [carola.peckolt@gmail.com](mailto:carola.peckolt@gmail.com), mobil: 482 99 597

\* [www.hlf.no/forekomst](http://www.hlf.no/forekomst)